



**Norske pengespel**

**2001 2002 2003 2004 2005 2006**

**Gaming in Norway**

**Statistikk over norske pengespel og lotteri**

*Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority*



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Denne statistikken er også tilgjengeleg i PDF-format på

**[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)**

# **I N N H A L D**

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	15
Norsk Rikstoto	20
Digitale plattformer	23
Automatar	25
Bingo	30
Andre lotteri	34
English summary	38
Vedlegg	40

# Mindre omsetning i den regulerte marknaden i 2006

Statistikken for 2006 viser at nordmenn satsa 38,2 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i landet. Dette er noko over fire milliardar mindre enn året før. Reduksjonen skuldast i hovudsak redusert omsetning på gevinstautomatar der det midtsommars vart innført forbod mot bruk av setlar på automatane.

I tillegg til omsetninga vist i denne rapporten satsa nordmenn pengar på internasjonale nettspel som ikkje er medrekna. Det reelle talet for kva nordmenn brutto spelar for ligg difor høgare enn det som kjem fram her.

Lotteri- og stiftelsestilsynets statistikk viser og at det i 2006 gjekk tilbake 27,3 milliardar kroner i form av gevinst til spelarane. Netto omsetning, det som vart tapt på lotteri- og pengespel, var såleis 10,9 milliardar kroner.

Kvar norske innbyggjar satsa i fjor 8 206 kroner på lovlege pengespel. Dette er ein reduksjon frå 2005 på nesten 1000 kroner per norske statsborgar. Tek vi høgde for gevinstar, viser statistikken at alle nordmenn i gjennomsnitt i fjor tapte 2 346 kroner på pengespel.

Spel og lotteri gir inntekter til ei rekke lag og organisasjoner. I 2006 førte lovlege lotteri og pengespel til at gode føremål fekk nærmere 5,4 milliardar kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 260 millionar kroner frå året før. 1,8 milliardar av føremålsinntektene kom frå automatmarknaden.

Også i denne årsstatistikken ser vi effekten av regulatoriske endringar. Statistikken for 2005 viste at nye forskrifter på bingoområdet gav høgare inntekter til formåla. I statistikken for 2006 kjem effekten av setelforbodet på gevinstautomatane til syne.

Frå 1. juli 2006 vart det forbod mot bruk av setlar på automatane. Forbodet gjaldt siste halvåret og medførte ein reduksjon i omsetninga med 16 % for heile 2006.

Dei siste åra har pengespel på Internett auka, og på bakgrunn av undersøkingar som Opinion AS har gjennomført for Lotteri- og stiftelsestilsynet, har vi tidlegare rekna ut at om lag 230 000 nordmenn deltok i pengespel på Internett i 2006. Minimum 5,3 milliardar kroner vart satsa på utanlandske nettstader.

Lotteri- og stiftelsestilsynet takkar også i år for samarbeidsviljen som aktørar i den norske pengespelmarknaden viser under vårt statistikkarbeid. Utan denne velviljen ville vi hatt høve til å utarbeide ein så detaljert statistikk.

*Førde, desember 2007*

*Atle Hamar  
direktør*

# 1. Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2006 omsett for 38,2 milliardar kroner. Av dette gjekk 27,3 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 10,9 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2006

År 2006	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for) <sup>2</sup>	38 246	4 751
Gevinst	27 312	3 392
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 935	1 358

År 2006	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>3</sup>	8 206	1 019	2 346	291
Per innbyggjar 15 år og eldre	10 187	1 265	2 913	362
Per husstand <sup>4</sup>	18 874	2 344	5 396	670
Prosent av disponibel inntekt <sup>5</sup>		4,42%		1,27%

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 8 206 kroner i 2006.

Dette er nesten 1000 kroner lågare enn i 2005 då tilsvarande beløp var kroner 9 163 per person.

Om vi trekkjer frå gevinstane vil kvar innbyggjar i 2006 ha lagt igjen 2 346 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 1,27 %. Tilsvarande prosent i 2005 var 1,31 %.

<sup>1</sup> Middelkurs 2006 frå Norges Bank 8,0510.

<sup>2</sup> For gevinstautomatar utgjer brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt, ikkje er medrekna.


<sup>3</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 31/12-2005 og 31/12-2006.

<sup>4</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,3 (Statistisk årbok (SSB)).

<sup>5</sup> Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 864 351 millionar kroner.

## Samandrag

### Brutto omsetning i 2006



I 2006 spelte nordmenn for 38,2 milliardar kroner. Av dette blei 61 % spelt på gevinstautomatar<sup>6</sup><sup>7</sup>. På Norsk Tipping sine spel satsa nordmenn i overkant av 8,8 milliardar, og i tillegg i underkant av 0,8 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn som året før for nærmere 2,8 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

I tillegg til gevinstautomatar var det bingo og lotteri som utgjorde den private delen av marknaden i 2006. Bingo hadde ei omsetning på vel 2,1 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, nær 1,9 milliard inkludert sidespel i bingo (elektroniske<sup>8</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 230 millionar kroner.

Blant dei andre lotteria er det landslotteria som hadde størst omsetning, 424 millionar kroner<sup>9</sup>. For lokale og regionale lotteri<sup>10</sup> estimerer vi omsetninga til 100 millionar kroner.

Samla brutto omsetning er redusert frå 42,4 milliardar kroner i 2005. Diagrammet syner omsetninga tilbake til 2001, og då ser vi at endringane heile tida har vore størst for automatane, og siste året ein reduksjon.

Reduksjonen i automatomsetninga skuldast først og fremst setelforbodet som vart innført 1. juli 2006.

<sup>6</sup> Beløpet er utan verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalte.


<sup>7</sup> Vi har i tillegg registrert og estimert om lag 18 millionar i omsetning på underholdningsautomatar.

<sup>8</sup> Bingoautomatar og databingo.

<sup>9</sup> Omsetninga 424 mill er inklusiv 6 mill i andre inntekter enn loddsal.

<sup>10</sup> Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna

## Samandrag



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til sammen 30 % av marknaden. Tilsvarende marknadsdel i 2005 var 26 %, og 28 % i 2004.

### Gevinstar og pengepremiar i 2006

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	8 846	4 715	4 131	53 %
Norsk Rikstoto	2 780	1 835	944	66 %
Extra – stiftelsen				
Helse og Rehabilitering	773	386	386	50 %
Automatar*	23 203	18 790	4 413	81 %
Bingo med entreprenør*	1 891	1 332	559	70 %
Landslotteri	424	83	341	20 %
Bingo utan entreprenør**	230	150	80	65 %
Lokale/regionale lotteri**	100	20	80	20 %
<b>Totalt</b>	<b>38 246</b>	<b>27 312</b>	<b>10 935</b>	<b>71 %</b>

\*) Delar av omsetninga (mest for brutto) er estimert for gevinstautomatar. For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

\*\*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av reknesaksopplysningar (sjå vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 27,3 milliardar kroner av innsatsen på 38,2 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå automatar, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo. I prosent mest tilbake frå automatar (81 %) og entreprenørbingo (70 %).


For automatar er dette den del av gevinsten som blir fysisk utbetalt.

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).

## Samandrag

Sidan gevinstprosenten er relativt høg for gevinstautomatar og for andre spel frå private entreprenørar, er ikkje skilnadene mellom marknadsdelar så store når ein ser på netto omsetning, men også etter at gevinstane er utbetalt har automatane størst netto omsetning.

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2006



Automatane hadde størst netto omsetning (40 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto hadde til saman 46 % av marknaden i 2006. I 2005 var deira samla marknadsdel 42 %, mot 44 % i 2004.

### Fordeling til formål og administrative kostnader i 2006

	Netto omsetning Mill kr	Formål Mill kr	Formål Prosent	Administrative kostnader Mill kr	Administrative kostnader Prosent
Norsk Tipping	4 131	2 437	59 %	1 695	41 %
Norsk Rikstoto	944	487	52 %	458	48 %
Extra	386	198	51 %	113	29 %
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		75	19 %		
Automatar	4 413	1 824	41 %	2 588	59 %
Bingo med entreprenør	559	127	23 %	432	77 %
Landslotteri	341	95	28 %	245	72 %
Bingo utan entreprenør	80*	60*	75 %	20*	25 %
Lokale/regionale lotteri	80*	75*	94 %	5*	6 %
Totalt	10 935	5 379	49 %	5 556	51 %

\*) Estimerte og avrunda beløp

## Samandrag


Nær 5,4 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (2,44 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (59 %). Også Norsk Rikstoto hadde ein forholdsvis stor prosentvis del (52 %, eller 487 mill).

Automatane bidrog med 1,82 milliardar kroner til formåla. Dette er ein reduksjon frå 2005 då formålets inntekter utgjorde 2,21 milliardar.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For dei andre utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning.

Minst prosentvis del til formåla hadde entreprenørbingo, 23 % eller 127 mill. Dette er ein auke frå 2005 då formålets inntekter utgjorde 85 millionar eller 18 %. Den gongen var dette ein auke frå 2004 då delen utgjorde 47 millionar kroner eller 11 %.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader utgjorde nærmere 5,6 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,59 mrd) skriv seg frå automatane der ein også har ein forholdsvis stor prosentvis del kostnader (59 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Tipping (nær 1,70 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,46 mrd), men her er den prosentvise delen mindre (høvesvis 41 % og 48 %).

Blant andre spel utgjorde administrative kostnader for bingo med entreprenør 77 % av netto omsetning og landslotteri 72 %.

Kostnadene til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osb.

<sup>11</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

## Samandrag

---

Netto omsetning i 2006 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnnehavar Mill kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	4 131	619	15 %
Extra	386	56	15 %
Norsk Rikstoto	944	158	17 %
Automatar	4 413	882	20 %
Totalt	9 875	1 715	17 %

Frå desse spela gjekk vel 1,7 milliardar til kommisjonærar og lokalinnnehavarar. Dette utgjer ein reduksjon på 158 millionar frå året før. Dei største beløpa kom frå omsetninga til automatane og Norsk Tipping, og det er reduksjon i automatomsetninga som naturleg nok også forklarar nedgangen i inntekter til lokalinnnehavarar.

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 27 % av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der nærmere 5 % av innsatsen kom via Internett.

### Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2006

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2006	Mill kr	Prosent
Idrett	1 958	36 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 250	23 %
Musikk / kultur / fritid	105	2,0 % *
Hest / hestesport	487	9 % *
Helse	548	10 % *
Humanitær	837	16 % *
Diverse	47	0,9 % *
Tiltak vedk. uheldig speleåtferd	12	0,2 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	135	2,5 %
Totalt	5 379	100,0%

\*) I tillegg får formåla delar av 135 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,5 %).

#### **Idrett (1 958 millionar \*)**

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 250 mill), estimert automatinntekt (618 mill), entreprenørbingo (63 mill) og frå landslotteri (27 mill). Idretten har også inntekt frå foreningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

#### **Kultur og fritid (1 355 millionar \*)**

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (833 mill) eller som løyving frå regjeringa (417 mill).

I tillegg er det om lag 105 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (frå automatar 78 mill, entreprenørbingo 24 mill og landslotteri 3 mill). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

#### **Hest / hestesport (487 millionar)**

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

## Samandrag

### Helse (548 millionar \*)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. 198 mill som stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 299 mill frå automatar, 35 mill frå landslotteri og 15 mill frå entreprenørbingo. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

### Humanitær (837 millionar \*)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors og Redningsselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, utrekna til 805 millionar. Røde Kors og Redningsselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 16 mill og entreprenørbingo med 16 mill. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### Diverse organisasjonar (47 millionar \*)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå automatar (24 mill), entreprenørbingo (9 mill) og landslotteri (14 mill).


### Tiltak vedk. uheldig speleåtferd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot pengespelproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigkeit og redusere skadeverknadane frå overdriven pengespel.

### Uspesifiserte inntekter (135 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale-regionale lotteri.

Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at nærmare 40 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.



## Samandrag

### Endring frå år 2005

I 2006 fekk formåla 261 millionar kroner mindre enn i 2005.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2005		2006		Endr. frå 2005	
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent
Idrett	1 982	35 %	1 958	36 %	- 24	-1 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 200	21 %	1 250	23 %	50	4 %
Musikk/kultur/fritid	102	2 %	105	2 %	3	3 %
Hest/hestesport	482	9 %	487	9 %	5	1 %
Helse	596	11 %	548	10 %	- 49	- 8 %
Humanitær	1 063	19 %	837	16 %	- 226	- 21 %
Diverse	53	1 %	47	1 %	- 6	- 11 %
Uspesifisert og inngår i formål ovanfor	150	3 %	135	3 %	- 15	- 10 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtferd	12	0,2 %	12	0,2 %	0	0 %
Totalt	5 640	100 %	5 379	100 %	- 261	- 5 %

Idretten har fått nesten like mykje i 2006 som i 2005. Automatinntektene er redusert, men idretten har elles hatt auke i inntektene både frå Norsk Tipping, entreprenørbingo og landslotteri.

Kultursektoren har via statsbudsjett og regjering fått 50 millionar meir frå tippemidlane i 2006 enn i 2005. Tabellen syner elles ein liten auke for mindre lag og foreiningar innan musikk, kultur og fritid. Auken skriv seg frå større inntekter frå entreprenørbingo.

Hestesporten hadde om lag same inntekter i 2006 som i 2005. Alle inntektene kjem frå overskotet i Norsk Rikstoto.

Humanitære organisasjonar fekk den største reduksjonen i sine inntekter (226 millionar eller 21 %). Dette skuldast reduserte inntekter frå automatar. Automatinntekter utgjorde i 2006 96 % av lotteriinntektene som er spesifisert for denne kategorien (805 av 837 millionar).

Helseorganisasjonane og diversekategorien har og hatt ein forholdsvis stor reduksjon i inntektene. Reduksjonen skuldast også her mest dei reduserte inntektene frå automatar.

Midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd var nytt frå 2005, og vart første gong fordelt frå Norsk Tipping sitt overskot for 2004. Tildelinga i 2007 kjem frå Norsk Tipping sitt overskot frå 2006.

## 2. Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2006 med åra 2001 til 2005. Sidan datagrunnlaget til einskilde spel er ulike desse åra, er grunnlaget for samanlikning ikkje alltid like godt. Dette vert kommentert der det er aktuelt.

### Den norske pengespelmarknaden totalt<sup>12</sup>

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning (spelt for)	22 411	30 149	37 509	40 827	42 362	38 246	-10 %
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 520	9 664	10 926	11 511	11 684	10 935	-6 %

Brutto omsetning er i 2006 redusert med 10 % frå 2005. Netto omsetning har hatt ein mindre reduksjon, og dette skuldast reduksjonen i automatomsetninga der gevinstprosenten er høg.

Frå 2004 til 2005 var veksten i brutto omsetning 4 %.

### Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning	7 861	8 940	8 921	8 805	8 433	8 846	5 %
Netto omsetning	3 739	4 056	4 140	4 200	3 989	4 131	4 %

Omsetninga i 2006 var noko større enn i 2005.

### Extra

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning	746	794	822	812	771	773	0 %
Netto omsetning	373	397	411	406	385	386	0 %

Omsetninga i 2006 er om lag den same som i 2005.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning	2 626	2 479	2 414	2 623	2 781	2 780	0 %
Netto omsetning	888	829	810	902	959	944	-2 %

Rikstoto hadde om lag same brutto omsetning i 2006 som i 2005, men ein liten reduksjon i netto omsetning. Frå 2004 til 2005 auka omsetninga med 6 %.

### Gevinstautomatar

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning	8 598	15 426	22 789	26 034	27 754	23 203	-16 %
Netto omsetning	2 546	3 388	4 510	4 961	5 290	4 413	-17 %

2006 er første året i perioden der omsetninga på gevinstautomatar har gått ned. Nedgangen utgjer 16,4 % i brutto omsetning samanlikna med 2005. Reduksjonen skuldast i hovudsak setelforbodet som vart innført 1. juli 2006.

Viser til vedlegg for feilmarginar.

<sup>12</sup> For perioden 2002 til og med første halvår 2005 var det gitt to prøvekonsesjonar for norske spel på elektroniske plattformer. Dette var tivoli.no og SMS.Jackpot. Samla brutto og netto omsetning utgjorde høvesvis: 2002 : 36,4 og 1,8. 2003: 13,0 og 3,0. 2004: 24,3 og 4,0. 2005: 13,6 og 1,9. Alle tal i millionar.

## Endring i omsetning

---

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning	1 337	1 590	1 609	1 642	1 732	1 891	9 %
Netto omsetning	370	395	411	428	462	559	21 %

Entreprenørbingo har totalt hatt 9 % vekst i brutto omsetning. Veksten har vore ein god del større for netto omsetning. Dette heng saman med lågare gevinstprosentar i rapporterte tal.

I 2005 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 5 % for brutto omsetning.

### Landslotteri

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	Endring 2005-2006
Brutto omsetning	493	454	531	466	508	424	- 17 %
Netto omsetning	419	387	441	401	416	341	- 18 %

Landslotteri har det siste året hatt ein forholdsvis stor reduksjon i omsetning og 17 % målt i brutto omsetning. Omsetninga har aldri vore lågare sidan Lotteritilsynet starta med desse kartleggingane.

I 2005 hadde landslotteria ein auke i brutto omsetning på 9 %.

### Andre spel/lotteri

Omsetning i 2006 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Sidan vi har nytta ulike måtar for estimat åra i mellom blir ikkje desse fullt ut samanliknbare frå år til år.

Bingo utan entreprenør	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Tal løyve gitt av politiet:	1 500	1 200	1 050	1 100	800	640
Lotteri- og stiftelsestilsynet sitt estimat for omsetning <sup>13</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	290	320	310	320	250	230

Totalt syner tal frå politiet og lotteriregisteret ein reduksjon i talet på lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale / regionale lotteri	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Tal på meldingar motteke av politiet:	2 500	3 000	2 950	3 000	2 900	2 750
Tal på løyve gitt av politiet:	380	170	150	150	150	120
Lotteri- og stiftelsestilsynet sitt estimat for omsetning <sup>14</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	100	110	100	100	120	100


På grunnlag av innrapporterte meldingar, løyver og rekneskap i 2006 har vi estimert ei noko lågare omsetning enn tidlegare år.

---

<sup>13</sup> <sup>14</sup> Estimert omsetning avrunda til nærmeste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

### 3. Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 8,85 milliardar kroner i 2006. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,77 milliard<sup>15</sup>



67 % av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto og Joker). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 76 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspela Tipping og Oddsen stod for 24 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane, og dette er same prosentdel som i 2005.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Mill kr	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	5 938,2	67 %
Sportsspel: Tipping og Oddsen	2 146,9	24 %
Skrapelodd: Flax	761,0	9 %
Total brutto omsetning	8 846,1	100 %

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	5 938,2	2 146,9	761,0	8 846,1
Totalt til gevinst	2 969,1	1 351,6	394,1	4 714,8
Total netto omsetning	2 969,1	795,3	366,9	4 131,3
Gevinstprosent	50 %	63 %	52 %	53 %

<sup>15</sup> Samla omsetning gjennom NT var dermed 9,6 milliardar i 2006.

## Norsk Tipping AS og Extra

---

Totalt gjekk 53 % tilbake til spelar som gevinst. 47 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål. Dette er same deler som i 2005.

Størst gevinstdel gav sportsspel der oddsspela hadde høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstprosent på 69. For den tradisjonelle tippekuponpen er gevinstprosenten alltid 50.

Også talspela (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har auka litt også i 2006, frå 3 954 (1 jan) til 3 975 (31 des).

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærforsking (8 405 mill). I tillegg spelte nordmenn for 441,1<sup>16</sup> millionar på NT sine eigne spel<sup>17</sup> over Internett (221,0 mill på Tipping og Oddsen, og 220,1 mill på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

### **Extra – eit spel for stiftelsen Helse og Rehabilitering**

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forsking.

I 2006 vart det spelt Extra for 773 millionar kroner. Gevinstprosenten er 50.

<b>Omsetning og gevinst</b>	<b>Mill kr</b>	<b>Prosent</b>
Brutto omsetning	772,7	100 %
Til gevinst	386,4	50 %
Netto omsetning	386,4	50 %

Som for Norsk Tipping sine eigne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 27 millionar av samla innsats via Internett i år 2006.

---

<sup>16</sup> Av dette kjem 5,4 millionar frå sal via mobiltelefon som vart lansert for publikum i veke 45, 2005. Foreløpig er fire spel tilgjengelege på denne kanalen: Lotto, Viking Lotto, Joker og Langoddsen.

<sup>17</sup> Extra kjem i tillegg med 27,0 millionar.

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

#### Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 131 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	2 436,8	59 %
Til Norsk Tipping AS	1 075,2	26 %
Til kommisjonær	619,3	15 %
<b>Sum = netto omsetning</b>	<b>4 131,3</b>	<b>100 %</b>

Reell fordeling fra Norsk Tipping til formål var noko høgare enn vist her (2 500 millionar til overskotsformåla og 12 mill til tiltak vedkomande uheldig speleåtfred). Beløpet er totalt 100 millionar høgare enn for 2005. Selskapet inntektsfører også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2006 utgjorde operatørgodtgjersla 75,2 millionar.

Frå Norsk Tipping sine eigne spel gjekk 59 % til formåla. Dette er same prosentvise del som i 2005.

#### Fordeling til formål

2 500 millionar kroner<sup>18 19</sup> vart fordelt til formåla idrett og kultur. 1 250 mill til idrett og 1 250 mill til kultur.

For kultur blei 833 mill tilført statsbudsjetten, medan regjeringa tildeler 417 mill til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 167 mill, *Kulturygg, møteplasser og formidlingsarenaer for kultur* 125 mill og *Frifondordningen* 125 mill), jf St.prp. nr. 1 (2007-2008) Kultur og kyrkjedepartementet s. 23.


For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet si pressemelding 27. april 2007.

Fordeling av tippemidlar til idretten	Mill kr	Frå einskilde underpostar	Mill kr
Idrettsanlegg	695,0	Idrettsanlegg i kommunane	625,0
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	352,0	Grunnstøtte særforbund	140,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	125,0		
Spesielle aktivitetar	40,9	Antidopingarbeid	24,5
Forsknings- og utviklingsarbeid	24,0	Idrettsforskning	15,5
Nasjonalanlegg/ spesielle anlegg	13,1		
<b>Totalt</b>	<b>1 250,0</b>		

Mykje av idretten sine tippemidlar (84 %) gjekk til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (hhv. 56 % og 28 %). Diagrammet på neste side viser prosentvis fordeling.

<sup>18</sup> I tillegg gjekk 12 mill til tiltak i høve til uheldig speleåtfred.

<sup>19</sup> 2 436,8 mill frå eigne spel + 75,2 mill frå operatørgodtgjersle Extra.



### Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine eigne spel fekk kommisjonærar 15 % av netto omsetning, i alt 619 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 675 millionar.

I gjennomsnitt var det 3 965 kommisjonærar<sup>20</sup> i 2006. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 170 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 132,0
NT sine samla netto kostnader <sup>21</sup>	1 004,4
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	127,6

Ved slutten av året var det halde tilbake 127,6 millionar i investeringsfond. I 2005 blei det halde tilbake 125,1 millionar.

### Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 386,4 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (stiftelsen Helse og Rehabilitering)	198,4	51 %
Til Norsk Tipping AS	132,0	34 %
Til kommisjonær	56,0	15 %
Sum = netto omsetning	386,4	100 %

Til stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 198,4 millionar eller 51,3 % av netto omsetning. Tilsvarende tal i 2005 var 194,7 millionar som då utgjorde 50,5 %.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spellet. I år 2006 utgjorde dette 75,2 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett og kultur). Dette utgjorde 19,5 % av Extra si netto omsetning.

<sup>20</sup> Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar

<sup>21</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel.

### Fordeling til formål i år 2006



Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekke organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 188 millionar fordelt på 558 prosjekt.

#### Fordeling til formål frå Extra


	Mill kr	Prosent
Førebygging	55,2	32,3 %
Forsking	60,6	35,4 %
Rehabilitering	55,1	32,3 %
Sum	170,9	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	17,1	
Totalt	188,0	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2006 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.



## 4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 2,78 milliardar kroner i år 2006.



Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Total brutto omsetning	2 779,6	100 %
Totalt til gevinst	1 835,2	66 %
Total netto omsetning	944,4	34 %

To tredjedeler av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett og mobiltelefon.

Talet på kommisjonærar har vore forholdsvis stabilt gjennom 2006, 1 294 (1. jan) og 1 299 (31. des)<sup>22</sup>. Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner.

Nær tre fjerdedelar av omsetninga, 73 %, gjekk gjennom kommisjonærane. Omsetning på baner utgjorde 9 %, medan Internett stod for om lag 17 %. I 2005 var omsetninga over Internett om lag 15 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill kr	Prosent
Kommisjonær	2 040,5	73,4 %
Baner	259,0	9,3 %
Internett <sup>23</sup>	480,1	17,3 %
Total	2 779,6	100,0 %

<sup>22</sup> Talet gjeld kommisjonærar med terminalar.

<sup>23</sup> Inkl. om lag 9,6 millionar i omsetning via mobiltelefon.

## Norsk Rikstoto

---

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 944,4 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	486,5	52 %
Avgift til staten	102,8	11 %
Til operatør (Rikstoto)	197,0	21 %
Til kommisjonær	158,1	17 %
Sum = netto omsetning	944,4	100 %

Til formåla gjekk det 486,5 millionar kroner eller 52 % av netto omsetning. I 2005 var prosenten til formål 50.

Fordeling til formål	Mill kr
V75 og storløp-premiar	53,3
Transporttilskot	2,1
Norsk Hestesenter	20,0
Det Norske Travselskap	46,0
Norsk Jockeyklubb	15,4
Bidrag avskriving finans	15,2
Provisjon driftsselskap (banene)	334,5
derav drift løpsbaner <sup>24</sup>	173,8
derav premiar til hesteeigarar	160,7
Totalt	486,5

### Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.


Det Norske Travselskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppsporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskriving finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

<sup>24</sup> Beløp inneholder vederlag for sal av spel på banene og lokal marknadsføring mot kommisjonærar i regionane.



### Statsavgift

Avgift til staten (102,8 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremarking.

### Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 158 mill eller 17 % av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 23 %<sup>25</sup> av netto omsetning.

I snitt var det 1 296 kommisjonærar i 2006.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill kr
RT sine inntekter frå hestespel	178,6
Andre inntekter	44,4
Samla kostnader	222,5
Årsresultat	0,5

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart 0,5 millionar kroner for 2006. Til samanlikning var det 49,3 millionar i 2005 og 21,1 millionar i 2004.

<sup>25</sup> Utbetalt beløp til kommisjonærar / (total netto omsetning x prosent brutto omsetning gjennom kommisjonærelleddet):  $158,1 \text{ mill} / (944,4 \text{ mill} \times 73,4\%)$

## 5. Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett.

Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein form for *spelekonto*. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.


Spel på digitale plattformer - brutto omsetning (mill kr)	2002	2003	2004	2005	2006	Endring frå 2005	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	229,2	297,4	468,1	170,7	57 %
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	303,0	424,3	480,1	55,8	13 %
tivoli.no	36,1	11,8	21,9	12,5	-	-	-
SMS.jackpot <sup>26</sup>	0,3	1,1	2,4	1,1	-	-	-
Totalt	212,9	380,2	556,5	735,3	948,2	226,5	31 %

I 2006 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og SMS totalt 948 millionar kroner.

Veksten i omsetninga utgjorde totalt 31 % for spel på elektroniske plattformer. I 2005 var veksten 32 %.

<sup>26</sup> Internettspelet tivoli.no og SMS-lotteriet SMS.jackpot fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.

## Digitale plattformer



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Opinion AS gjennomførte for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2006<sup>27</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert estimat for omsetninga over Internett for 2006.

6,5 % av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 230 000 nordmenn over 18 år.

I flg. estimatet spelte nordmenn for minimum i overkant av 6 milliardar kroner. Om lag 950 millionar vart satsa på dei lovlege norske nettstadene. Estimatet for utanlandske nettstader utgjorde minimum 5,3 milliardar kroner.

## 6. Automatar

Denne delen omfattar gevinstautomatar og underhaldningsautomatar. Bingoautomatar er ikkje med då dei inngår som sidespel til bingo, og tal for desse blir omtala annan stad.

### Gevinstautomatar

Vi har data frå 127 automatentreprenørar som til saman hadde utplassert 12 211<sup>28</sup> gevinstautomatar per 31. desember 2006.

Redusjonen er på om lag 2 600 automatar frå 2005 då vi rapporterte om 14 838 utplasserte automatar ved utgangen av året.

For 29 av dei mindre entreprenørane har vi ikkje fått tal for omsetning, m.m. Ut frå tilgjengeleg informasjon<sup>29</sup> reknar Lotteri- og stiftelsestilsynet med at desse hadde utplassert 345 automatar per 31 desember 2006, noko som utgjer nær tre prosent av samla automattal.

Vi viser til vedlegg for metode for innsamling av data og estimat som er brukt.

Gjennomgangen vidare er basert på konkrete tal og estimat gjort der entreprenørar ikkje har gitt fullstendig informasjon i spørjeskjema.

#### Gevinstautomatar – estimerte nøkkeltal år 2006

Brutto omsetning (pengar inn) *	23 203 mill kr
Utbetalt gevinst (pengar ut) *	18 790 mill kr
Netto omsetning	4 413 mill kr
til entreprenør	1 707 mill kr
til lokalinnehavar	882 mill kr
til formål (lag og organisasjonar)	1 824 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	8 %
Formåla sin del av netto omsetning	41 %
Utbetalt gevinst av brutto omsetning	81 %

\* Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt desse tala.

Brutto omsetning er estimert til 23,2 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane. Verdi av gjenspel av gevinst som ikkje først er utbetalt, er difor ikkje medrekna.

Tilsvarande vart nær 18,8 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukta på nye spel, utan først å ha vore utbetalt, ville gevinstprosenten vore høgare. Men for kvar 10-kroning som er putta på ein automat, er 8 kroner fysisk betalt ut som gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen eller tapt. 4,4 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden. Beløpet vart fordelt mellom formåla, entreprenørane og lokalinnehavarane.

Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreiningar er reelle tal, men i tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet lagt til estimerte beløp der vi ikkje har omsetnings- eller inntektstal.

<sup>28</sup> Denne delen omfattar gevinstautomatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst – og underhaldningsautomatar. Entreprenørar som berre har hatt underhaldningsautomatar er ikkje medrekna i dette entreprenørtalet.

<sup>29</sup> Lotteriregisteret, Enhetsregisteret (årsrekneskap) og tidlegare rapporterte tal.

## Automatar

### Talet på automatar og oppstillingsstader

Samla automattal for entreprenørar	1. jan 2006	31. des 2006	Endring	Prosent
> 500 automatar kvar 1. januar	9 113	7 203	-1 910	-21 %
< 500 automatar kvar 1. januar	5 525	5 008	-517	-9 %
Totalt	14 638	12 211	-2 427	-17 %

Tabellen viser ein samla nedgang på 2 427 automatar gjennom året. Talet på reelt utplasserte automatar er noko lågare enn det som kjem fram i Lotteriregisteret som viser oppstillingsløyve.

1. januar 2006 var det fire entreprenørar<sup>30</sup> med meir enn 500 automatar kvar. Desse har samla redusert sin automatpark med 1 910 automatar (- 21 %). Talet på automatar hos dei andre entreprenørane er redusert med 517 (- 9 %).

Frå innkomne data kan vi anslå fordeling av gevinstautomatar på ulike oppstillingsstader<sup>31</sup>:

Automatar per oppstillingsstad	Avrunda	
	31. desember 2006	tal
Daglegvareforretningar	2 200	18 %
Varehus/kjøpesenter	2 300	19 %
Kioskar	3 500	29 %
Bensinstasjonar	1 600	13 %
Servering/overnatting	1 300	11 %
Andre	1 300	11 %
Totalt	12 200	100%
		100%

Om lag ein tredjedel av automatane var plasserte i daglegvareforretningar eller varehus/kjøpesenter. Ein noko større del stod i kioskar og på bensinstasjonar. Dei resterande finn vi andre stader og ofte på serverings- eller overnattingsstader.

I andre stader inngår ferjer, bingolokale, spelehallar, bowlinghallar osb..

Om lag 400 automatar stod i bingolokale.

Samanlikna med tidlegare oversyn ser vi reduksjon i talet på automatar på alle slags oppstillingsstader, med størst reduksjon på bensinstasjonar og serveringsstader.

For bingolokale som inngår i samlekategorien andre stader er talet redusert frå om lag 500 til 400.

Tabellen under er meint som ein indikator på utviklinga. Sidan tala er avrunda kan dei reelle endringane avvike noko frå det tabellen viser.

Oppstillingsstad	2005	2006	Endring
Daglegvareforretningar	2 700	2 200	- 500
Varehus/kjøpesenter	2 500	2 300	- 200
Kioskar	3 900	3 500	- 400
Bensinstasjonar	2 200	1 600	- 600
Servering/overnatting	1 900	1 300	- 600
Andre	1 600	1 300	- 300
Totalt	14 800	12 200	- 2 600

<sup>30</sup> Norsk Lotteridrift ASA, Røde Kors Automatene, Redningsselskapet samt Spill og Tjenester AS.

<sup>31</sup> Entreprenørane har rapportert kor stor del av automatane (per 31.12) som stod på ulike oppstillingsstader. For 937 automatar er dette ikkje spesifisert, men vi har lagt til grunn prosentvis fordeling frå dei andre.

## Automatar

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i automatmarknaden

Oppalt og estimert beløp for netto omsetning i følgje teljeverk er 4 413 millionar kroner. Beløpet er ikke identisk med det som fysisk er opptalt ved tömming. Differansen (avvik) kan skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Avvik er totalt rapportert og estimert til 4 millionar som teljeverk har registrert, men som ikke er talt opp ved tömming. Dette beløpet inngår under i entreprenørs del av omsetningen.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (lag og organisasjoner)	1 824	41,3 %
Til lokalinnehavar	882	20,0 %
Til entreprenør	1 707	38,7 %
Sum = netto omsetning	4 413	100,0 %

### Fordeling til formål

Totalt er 1 824 mill fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjorde dette 41,3 %. Prosentvis del til formåla var om lag like stor i 2005 (41,7 %). Lotteri- og stiftelsestilsynet berekna formålsinntektene til 2 207 mill i 2005, 2 008 mill i 2004, 1 691 mill i 2003, 1 224 mill i 2002 og 917 mill i 2001.

Vi viser under korleis beløpet for 2006 er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjoner. Fordelinga viser vi på to måtar:

- 1) Slik fordelinga er registrert før berekning av uspesifiserte og estimerte inntekter. Dvs. slik entreprenørar oppgir fordelinga, og vårt estimat for inntekt der vi manglar tal for omsetning og formålsinntekter (her 46 mill).
- 2) Det som entreprenørar oppgir, og i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter:


Fordeling av automatinntekter	1) Registrert fordeling inkl. estimert inntekt (46 mill)		2) Fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Del av beløp som er estimert <sup>32</sup>
Idrett	551	30 %	618	34 %	11 %
Helse	270	15 %	299	16 %	10 %
Musikk/kultur/fritid	70	4 %	78	4 %	11 %
Humanitær	789	43 %	805	44 %	2 %
Diverse	21	1 %	24	1 %	11 %
Uspesifisert og estimert <sup>33</sup>	124	7 %			
Totalt	1 824	100 %	1 824	100 %	7 %

Oversikten er basert på spesifisering frå entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

<sup>32</sup> Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikke er spesifisert frå entreprenørar (76 mill) og estimat av 345 automatar (46 mill), totalt 124 mill eller 7 % av 1 824 mill. Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter at vi har utelete det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv eller der entreprenør i stor grad spelar for ein organisasjon (dette gjeld Røde Kors, Redningsselskapet, NHF, Norges Blindeforbund og Spill og Tjenester AS). Denne fordelinga er så lagt til grunn for beløp der entreprenørar ikke har spesifisert og der vi har estimert omsetning.

<sup>33</sup> Beløpet inneheld 76 mill uspesifisert frå entreprenørar og 46 mill fullt ut estimert for manglande omsetnings- og inntektstal.

## Automatar



Humanitære organisasjonar fekk mest frå automatane, estimert til 805 millionar. Dei to største organisasjonane her er Røde Kors og Redningsselskapet. Estimatet for 2005 var 1 038 millionar.

Idretten fekk også ein stor del. Entreprenørar har oppgitt at dei gav 551 millionar kroner til ulike idrettsorganisasjonar. Saman med vårt estimat for fordeling av uspesifiserte inntekter blir beløpet til idretten 618 millionar. Inntekt i 2005 var berekna til 714 millionar.

For helseorganisasjonar har vi estimert ei samla inntekt på 299 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Kreftforeningen. Inntekta var i 2005 berekna til 340 millionar.

For organisasjonar innan musikk, kultur og fritid har vi estimert beløpet til 78 millionar. Berekinga for 2005 var 80 millionar.

For gruppa *diverse* som omfattar lag og foreiningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, er estimatet 24 millionar kroner. Her finn vi mellom anna miljøvernorganisasjonar, dyrevern og politiske parti, men også foreiningar som entreprenørar har hatt problem å plassere i dei andre kategoriane. Estimatet her var 35 millionar i 2005.

### Entreprenør og lokalinnehavar

Entreprenørar sin del av automatinntektene var 1 707 millionar kroner. Dette utgjorde nær 39 % av netto omsetning. Alle kostnader som entreprenør elles måtte ha blir dekt av dette beløpet, mellom anna eventuelle agentavtalar og avvik.

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Deira inntekt var 882 millionar. Dette utgjer 20 % av netto omsetning, noko som samsvarar med maksimumsdelen i forskrift.

## Automatar

---

### Gjennomsnittleg nettoomsetning per automat i 2006

Netto omsetning per automat i gjennomsnitt:	Kroner (avrunda)
Totalt for alle entreprenørar	329 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningsselskapet, NHF og Norges Blindeforbund)	270 000
Totalt for private entreprenørar	355 000

Entreprenørar med eige formål har hatt mindre omsetning per automat enn dei private.

Vi må nemne at talet for snittomsetning reelt sett har vore noko lågare. Dette heng saman med beregningsmåten vår (sjá vedlegg). Vi kjenner til at ein del entreprenørar reduserte talet automatar heilt på slutten av 2006. For desse entreprenørane vil vår beregningsmåte fordele omsetninga på forholdsvis få automatar.

### Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal gå til lotteriverdige formål. Difor går inntektene i utgangspunktet uavkorta til entreprenør og lokalinnehavar.

#### Tal på underhaldningsautomatar

Tal frå 33 entreprenørar og andre eigaraar av slike automatar utgjer totalt 331 automatar per 31. desember 2006. Dette er ein reduksjon frå 2005 med om lag 260 automatar.

Ikkje alle desse automatane treng oppstillingsløyve frå politiet (t.d. biljardbord og dartspel), men av praktiske årsaker inngår dei likevel i entreprenørane sine rekneskap.

55 % av automatane vi har tal i frå har oppstillingsløyve.

#### Omsetning i 2006

Registrert og estimert omsetning er totalt 18 millionar kroner. Dette er ein reduksjon frå 2005 då vi berekna omsetninga til i alt 21 millionar.

Tabellen under viser fordeling på aktørar:

Fordeling av omsetning	Mill	Prosent
Til entreprenør (ekskl. mva)	8	44 %
Til lokalinnehavar (ekskl. mva)	6	37 %
Mva	4	19 %
Sum = omsetning	18	100 %

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og i samleoppstilling berre nemnd i fotnote.

## 7. Bingo

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølvे står for bingodrift.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo<sup>34</sup>. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve gitt av politiet og utval rekneskap frå 2006.

### **Bingo med entreprenør**

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 123 bingolokale per 31. desember 2006. Talet lokale i entreprenørbingo har dermed auka med 5 sidan utgangen av 2005 då talet var 118. Talet på entreprenørar er endå meir stabilt, 57 ved utgangen av 2006 mot 58 året før.

#### **Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2006**

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	1 891 mill kr
Gevinst *	1 332 mill kr
Netto omsetning	559 mill kr
administrativ kostnad	432 mill kr
overskot til formåla	127 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	7 %
Formåla sin del av netto omsetning	23 %
Gevinstprosent	70 %

*\*) Brutto omsetning og gevinst er estimert for delar av omsetninga i elektroniske sidespel (sjå vedlegg).*

Entreprenørbingo omsette for 1,89 milliard kroner i år 2006. Til lag og organisasjonar vart det overført 127 millionar kroner eller 7 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 70 % og formåla sin del av netto omsetning er 23 %.

Samanlikna med 2005 er total omsetning høgare i 2006. Brutto omsetning i 2005 var 1 732 millionar og netto omsetning var 462 mill.

2006 var andre året der bingoentreprenørane overførte inntekt til formåla etter ny fordelingsnøkkel, og formåla har i 2006 fått 42 millionar meir enn året før. I 2005 utgjorde formåla sin del av netto omsetning 18 %.

### **Sidespel**

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes «21» og «Mølle».

<b><u>Sidespel per 31. desember 2006</u></b>	<b><u>Entreprenørar</u></b>	<b><u>Prosent</u></b>
Bingoautomatar	42	74 %
Databingo	44	77 %
Papirsidespel	12	21 %
Ingen sidespel	2	4 %
Tal entreprenørar totalt	57	

<sup>34</sup> For 2 små entreprenørar som ikkje lenger har bingoverksemrd er omsetninga estimert på grunnlag av tidlegare rapporterte opplysningar.

## Bingo

Elektroniske sidespel er mest utbreidd. 42 entreprenørar oppgir at dei har bingoautomatar og 44 oppgir at dei har databingo. 12 entreprenørar har papirsidespel. Ein del har fleire typar sidespel.

Det er 7 entreprenørar som ikkje har elektroniske sidespel, og 2 som ikkje har sidespel i det heile.

Ved utgangen av 2006 stod det bingoautomatar i 89 bingohallar. Dette utgjer 72 prosent av hallane.

### Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2006

Tal i millionar kroner	Brutto oms.	Gevinst	Gevinst prosent	Netto oms.	Til formål	Pst. til formål av netto oms.
Hovudspel	927	639	69 %	288	46	16 %
Sidespel:						
- bingoautomatar	641*	462*	72 %	179	53	30 %
- databingo	320*	230*	72 %	90	27	30 %
- papirsidespel	3	2	62 %	1	0,3	30 %
Sidespel totalt	964	693	72 %	271	81	30 %
Totalt	1 891	1 332	70 %	559	127	23 %

\*) Delvis estimat

Når omsetninga frå 2005 har auka skuldast dette hovudsakleg auka omsetning på elektroniske sidespel. Hovudspel har hatt ein mindre auke og papirsidespel har hatt ein nedgang i omsetninga.

Databingo har auka i brutto omsetning med 62 millionar frå 2005 til 2006.

For bingoautomatar har bruttoomsetninga auka med 74 millionar frå 2005. 72 % av bingohallane hadde bingoautomatar ved utgangen av 2006, og talet utplasserte automatar var 1062. Dette er ein auke frå 2005 då tilsvarande tal var 829.

Ein god del av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Gevinstprosenten ligg rundt 70 % for dei fleste spela, med unntak for papirsidespel der prosenten er noko lågare. Høgast gevinstprosent har dei elektroniske sidespela.


Som tabellen viser fekk dei spelande lag og foreiningar totalt 127 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. Nærare to tredjedelar av inntektene kom frå sidespela.

Bingoentreprenørane rapporterer at dei samla har spelt for 2 087 lag og foreiningar i år 2006. Dette er litt fleire enn 2005 då talet var 2 022 lag.

### Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	63	50 %
Helse	15	12 %
Musikk/kultur/fritid	24	19 %
Humanitær	16	12 %
Diverse	9	7 %
Totalt	127	100 %

## Bingo



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 63 mill. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 24 millionar.

### Gevinstautomatar i bingolokale

I tillegg til bingoautomatane (elektroniske sidespel) var det i 2006 utplassert om lag 400 ordinære gevinstautomatar i bingolokala.

Totalt har 27 automatentreprenørar rapportert at dei har gevinstautomatar i bingolokale.

På grunnlag av data frå automatentreprenørane har vi rekna ut nettoomsetninga til 108 millionar kroner for dei automatane som stod i bingolokale. Vi legg til grunn at formåla her har same prosentvise inntekt som automatentreprenørane oppgir for verksemndene sine<sup>35</sup>, og lag og foreiningar vil då ha hatt ei inntekt på om lag 44 millionar frå desse automatane (40 %).

Desse inntektene kom eventuelt i tillegg til inntekt frå hovud- og sidespel i bingoen.

Inntektene gjekk forholdsvis ofte til dei same foreiningane som elles får inntekt frå bingospela, men ikkje alltid (sjå tabellen under).

*Går inntektene til same foreiningar som bingoen spelar for?*

	Tal automat-entrepreneurar	Estimert inntekt til formåla	Prosent av inntekt
Alltid	8	13 mill kr	29 %
Som regel	7	18 mill kr	42 %
Av og til	2	5 mill kr	11 %
Sjeldan	0		
Aldri	6	6 mill kr	14 %
Ikkje svart	4	2 mill kr	4 %
Totalt	27	44 mill kr	100%

<sup>35</sup> Utgangspunkt er kvar einskild entreprenørs prosentvise fordeling til formål og at denne også er brukt for automatar i bingolokale.

## Bingo

---

### Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av løyve gitt av politiet, Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2006 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Om lag 640 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under.  
84 av desse er radiobingo og 2 er TV-bingo.

#### **Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2006**

Estimert brutto omsetning år 2006	230 mill kr
(runda til nærmeste 10 mill)	

Gevinst	150 mill kr
Netto omsetning	80 mill kr
administrativ kostnad	20 mill kr
overskot til formåla	60 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	26 %
Formåla sin del av netto omsetning	75 %
Gevinstprosent	65 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 230 mill i brutto omsetning, med eit overskot på 60 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til nærmare 90 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere i overkant av ein tredjedel.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på nærmare 40 millionar kroner.

## 8. Andre lotteri

I tillegg til automatspel og bingo har vi for 2006 registrert eller fått innrapportert i overkant av 2 900 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har også gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

### Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2006 har vi fått innrapportert 52 lotteri. Dette er litt fleire enn i 2005 då vi rapporterte frå 47.

I 2006 hadde Oslo politidistrikt 44 landslotteri og Hordaland hadde 2. I tillegg gav 6 andre distrikts<sup>36</sup> løyve til eitt lotteri kvar.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2006

Loddsal	418 mill kr
Eventuell anna inntekt <sup>37</sup>	6 mill kr
Samla inntekt	424 mill kr
Gevinstkostnad	83 mill kr
Netto omsetning	341 mill kr
administrative kostnader	245 mill kr
overskot til formåla	95 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	23 %
Formåla sin del av netto omsetning	28 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	20 %

Landslotteria omsette for 418 millionar kroner. I tillegg kom andre inntekter med nær 6 millionar. Samla inntekter kom difor opp i 424 millionar.

Samla gevinstkostnad i 2006 var 83 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 245 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 95 millionar. Dette utgjorde 23 % av brutto – og 28 % av netto omsetning.

<sup>36</sup> Agder, Asker og Bærum, Follo, Romerike, Vestfold og Vestoppland.

<sup>37</sup> Andre inntekter ein kan ha med lotteri, mellom anna netto finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

## Andre lotteri

Loddsalen er redusert med 82 millionar frå 2005. Mange lotteri har hatt mindre omsetning i 2006 enn dei hadde i 2005. Sidan Lotteritilsynet starta med å lage desse oversyna over marknaden har omsetninga for landslotteri aldri vore lågare.

Av landslotteria var 50 førehandstrekte/skrapelodd, medan berre 2 var etterhandstrekte. Målt i brutto omsetning utgjorde etterhandstrekte lotteri 1,9 millionar kroner, eller om lag ein halv prosent.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

### Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formål

Kategori <sup>38</sup>	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	53,9	27,0	13 %	28 %	50 %
Helse	215,5	34,9	51 %	37 %	16 %
Musikk, kultur og fritid	5,4	3,2	1 %	3 %	59 %
Humanitær	84,8	16,3	20 %	17 %	19 %
Diverse	64,0	14,0	15 %	15 %	22 %
Totalt	423,5	95,3	100 %	100 %	23 %

Som tidlegare år har helseorganisasjonar størst omsetning, og i 2006 51 % av heile marknaden. Dei hadde noko mindre del av samla overskot (37 %). Prosentvis del til formål av brutto omsetning er samla sett lågast for kategoriane helse (16 %), humanitær (19 %) og diverse (22 %).

For kvart lodd som vart selt var det organisasjonane innan Idrett samt Musikk, kultur og fritid som fekk mest i overskot (50 % og 59 %).

### Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	48,2	21,2	27,0	44 %	56 %
Helse	169,9	135,0	34,9	79 %	21 %
Musikk, kultur og fritid	4,9	1,7	3,2	35 %	65 %
Humanitær	63,3	47,0	16,3	74 %	26 %
Diverse	54,4	40,4	14,0	74 %	26 %
Totalt	340,7	245,4	95,3	72 %	28 %

Administrative kostnader utgjorde 245 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc.

For einskilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I 4 rekneskap har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 12,2 millionar kroner.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddsal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

<sup>38</sup> Liste over organisasjonane i vedlegg.

## Andre lotteri


### Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

50 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 416<sup>39</sup> millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 761 millionar.

#### Organisasjonar med loddosal over 20 millionar kroner:

- |  |            |
|--|------------|
| • De 10 Humanitære (Yezz!) <sup>40</sup>   | 66 mill kr |
| • Landsforeningen for hjerte- og lungesyke | 51 mill kr |
| • Redningsselskapet                        | 29 mill kr |
| • Norges Håndballforbund                   | 27 mill kr |
| • Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet  | 27 mill kr |
| • Landsforbundet Mot Stoffmisbruk          | 24 mill kr |
| • Nasjonalforeningen for folkehelsen       | 20 mill kr |



I 2006 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 177 millionar kroner. Dette utgjer ein reduksjon med 203 millionar frå 2005 då omsetninga var 1 380 millionar.

Samanlikna med 2005 har Flax om lag uendra marknadsdel, 64 % i 2005 og 65 % i 2006. Av landslotteria har idrettsorganisasjonane auke marknadsdelen frå 3 % til 5 %. Helseorganisasjonane har redusert sin del frå 20 % til 18 %.

10 H sitt lotteri (Yezz!) inngår i kategoriane for helse- og humanitære organisasjonar. 10 H sin marknadsdel er 6 % i 2006.

<sup>39</sup> Eksklusiv 6 mill i andre inntekter enn sjølv loddsalet.

<sup>40</sup> Totalt for 7 speleomgonger med Yezz!.

## Andre lotteri

---

### Lokale/regionale lotteri

Til saman har politiet motteke meldingar eller gitt løyve til nærmare 2 900 lokale og regionale lotteri i år 2006.

Om lag 2 750 er såkalla meldingslotteri og i tillegg har 120 lotteri fått løyve<sup>41</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

#### Berekning for lokale/regionale lotteri

##### **Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2006**

Estimert brutto omsetning 100 mill kr  
(runda til nærmeste 10 mill)

Gevinstkostnad 20 mill kr  
Netto omsetning 80 mill kr

administrativ kostnad 5 mill kr  
overskot til formåla 75 mill kr

Formåla sin del av brutto omsetning 75 %  
Formåla sin del av netto omsetning  
(brutto omsetning – gevinst) 94 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 20 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

Overskotet frå lotteria har vi ikkje fordelt på kategoriar av formål, men alle typar lag og foreiningar sel slike lotteri.

---

<sup>41</sup> Arrangør av lotteri med omsetning under kr 150 000 per år treng ikkje løyve, men melder frå til politiet.  
Lotteri med omsetning kr 150 000 eller meir treng løyve frå politiet.

## 9. English summary

In 2006, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 38.2 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 27.3 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 10.9 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.


The turnover is reduced from 42.4 billion in 2005. The main cause for the reduction in turnover was the implementation of a ban on bill acceptors that came into effect on the 1. July 2006.

### Key figures on the gaming market in Norway

Year 2006	Million	
	NOK	EUR <sup>42</sup>
Gross turnover (total wagered) <sup>43</sup>	38,246	4,751
Prizes	27,312	3,392
Net turnover (expenditure/loss)	10,935	1,358
Year 2006	Amount wagered	
	NOK	EUR
Per capita <sup>44</sup>	8,206	1,019
Per capita, 15 years and older	10,187	1,265
Per household <sup>45</sup>	18,874	2,344
Percentage of disposable income <sup>46</sup>	4.42%	1.27%

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 8,206 in 2006.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 2,346. This amounts to 1.27 % of the disposable income per household.



<sup>42</sup> Average rate of exchange 2006 as determined by Norges Bank: 8,0510.

<sup>43</sup> For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested before the prizes are paid out of the machines are not included

<sup>44</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>45</sup> The average number of persons per household is 2.3. (Figures from Statistics Norway - Statistical year book)


<sup>46</sup> Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB):  
Disposable income NOK 864 351 million

## English summary

Norwegians spent the largest amount on gaming machines, i.e. approximately 23.2 billion NOK.<sup>47 48</sup> In addition, 8.8 billion NOK was spent on games provided by Norsk Tipping, and nearly 0.8 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent close to 2.8 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries, in addition to gaming machines, make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of 2.1 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at nearly 1.9 billion. Also included here are side games (electronic<sup>49</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.23 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at 0.4 billion<sup>50</sup>. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 100 million.



<sup>47</sup> Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

<sup>48</sup> In addition, a turnover of 18 mill. from entertainment machines.

<sup>49</sup> Bingo machines and online bingo.

<sup>50</sup> The turnover of 424 mill. includes NOK 6 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

# 10. Vedlegg

## Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra<sup>51</sup> er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Automatentrepreneurar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteri- og stiftelsestilsynet. For dei som ikkje har svart har vi gjort estimat på grunnlag av tilgjengelege data.

Vi har talmateriale frå alle bingoentrepreneurar, men delar av talmaterialet for to mindre entreprenørar er estimert frå opplysningar frå Lotteriregisteret eller einskilde rekneskap. Bingoentrepreneurar har for 2006 svart på tilsendt spørjeskjema.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap innhenta frå politiet eller organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteri- og stiftelsestilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2006 innsendt av politiet eller frå Lotteriregisteret.

Nedanfor viser vi nærmare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

## Gevinstautomatar

### Berekning av omsetning

rapportert netto omsetning i flg. teljeverk	4 116 mill
+ estimat der teljeverkdata manglar (rapportert fysisk opptalt + tillegg for avvik (0,099 %))	182 mill
+ estimat for 345 automatar ((369 (snittal) x 313 000))	115 mill
= estimert netto omsetning i flg. telleverk	4 413 mill
+ utbetalt gevinst (80,982 % av brutto omsetning <sup>52</sup> )	18 790 mill
= estimert brutto omsetning	23 203 mill

### Berekning av omsetning per automat (netto omsetning)

Samla netto omsetning i dei ulike gruppene delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + 31. desember)/2).

### Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter «korrigering» for det dei større entreprenørane med eige formål har fordelt til eigen organisasjon.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar.

<sup>51</sup> Talspelet Extra er operert av Norsk Tipping på vegne av stiftelsen Helse og Rehabilitering.

<sup>52</sup> Reell total prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut).

## Vedlegg

---

### Feilmarginar

#### Prosent utbetalt gevinst (80,982 %)

For 17,5 mrd. eller 75 % av omsetninga har vi rapporterte tal for brutto omsetning. Estimatet er gjort for det resterande på grunnlag av oppgitt netto omsetning.

Gevinstprosent redusert med 2 % gir 545 mill mindre brutto omsetning og gevinstutbetaling. Auka med 2 % gir 673 mill større brutto omsetning og gevinstutbetaling.

Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formåla sin del.

#### Avvik (0,099 %)

For dei som ikkje har rapportert teljeverksomsetning vil ei endring på 0,5 % i avvik endre netto omsetning med om lag 1 million.

### Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

#### **Idrett/sport**

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

#### **Helse**

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

#### **Musikk / kultur / fritidsorganisasjonar**

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

#### **Humanitær verksemd**

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

#### **Diverse organisasjonar**

"Særorganisasjonar" eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettigetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

### Underhaldningsautomatar

Gjennom Lotteriregisteret har vi kjennskap til 8 eigarar med i alt 23 automatar som ikkje har svart på spørjeskjema. For desse har vi estimert ei omsetning på grunnlag av snittomsetning for dei andre automatane. For mva. og del til lokalinhavar har vi lagt til grunn samla prosentvis del i rapporterte tal.

## Vedlegg

---

### **Berekning for bingo med entreprenør**

Bingoautomatar: 7 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 35: 72 %.

Databingo: 2 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst: Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 42: 72 %.

### **Berekning for bingo utan entreprenør**

På grunnlag av rapporteringar for 2006 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar	Totalt	Avrunda
Brutto omsetning i snitt	1 006 000 <sup>53</sup>	268 000 <sup>54</sup>		
Samla gevinstprosent	51 %	72 %		
Overskot av brutto omsetning	41 %	18 %		
Tal løyve rapportert / frå Lotteriregisteret	86	551		
Estimert brutto omsetning	87 mill	148 mill	234 mill	230 mill
Estimert gevinst	44 mill	106 mill	150 mill	150 mill
Estimert netto omsetning	42 mill	42 mill	84 mill	80 mill
Estimert overskot til formåla	36 mill	27 mill	63 mill	60 mill
 Estimert brutto omsetning år 2006*	230 mill			
- Gevinst*	150 mill			
= Netto omsetning	80 mill			
Administrativ kostnad	20 mill			
Overskot*	60 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	26 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	75 %			
 Gevinstkostnad av brutto omsetning	65 %			

\*) runda til nærmeste 10 mill

---

<sup>53</sup> Snittbereking for 48 rekneskap (2006) kr 1 005 848,-

<sup>54</sup> Snittbereking for 97 rekneskap (2006) kr 268 310,-

## Vedlegg

---

### Landslotteri 2006 – organisasjonane i dei ulike kategoriene

<b>Idrett</b>	Det frivillige Skyttervesen Norges Bordtennisforbund Norges Fotballforbund Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund Norges Skøyteforbund
<b>Helse</b>	Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hørselhemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for polioskadde Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen Mot Stoffmisbruk Landsforeningen uventet barnedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Blindeforbund Norges Diabetesforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Ryggforeningen i Norge Stiftelsen Sofienlund 5 av 8 organisasjonar i 10H - 2 til 7 speleomgonger <sup>55</sup>
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	Norges Musikkorps Forbund Norske 4H
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Flyktninghjelpen Kiwanis Club Tønsberg Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Fadderbarnas Framtid 3 av 8 organisasjonar i 10H - 7 speleomgonger <sup>56</sup>
<b>Diverse</b>	Det Norske Arbeiderparti Framtidens i våre hender IOGTs Juniorforbund i Norge Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund Motorførernes Avholdsforbund ungdom * Noreas Mediemisjon Noregs Mållag Normisjon * Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

\* er etterhandstrekta

---

<sup>55</sup> Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (var berre med i dei to første speleomgongane), Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund.

<sup>56</sup> Flyktninghjelpen, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

## Vedlegg

---

### Berekning for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekninger gjort fra opplysninger som politiet har sendt oss og rapporteringar for 2006 registrert i Lotteriregisteret reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve	Totalt	Avrunda
Brutto omsetning i snitt	24 000 <sup>57</sup>	265 000 <sup>58</sup>		
Samla gevinstprosent (kostnad)	10 %	33 %		
Overskot av brutto omsetning	88 %	58 %		
Tal meldingar/ løyve rapportert	2 747	120		
Estimert brutto omsetning	65 mill	32 mill	97 mill	100 mill
Estimert gevinst	6 mill	10 mill	17 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	58 mill	21 mill	80 mill	80 mill
Estimert overskot til formåla	57 mill	19 mill	76 mill	75 mill
Estimert brutto omsetning år 2006*	100 mill			
- Gevinst*	20 mill			
= Netto omsetning	80 mill			
Administrativ kostnad	5 mill			
Overskot**	75 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	75 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	94 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	20 %			

\*) runda til nærmeste 10 mill

\*\*) runda til nærmeste 5 mill

---

<sup>57</sup> Gjennomsnittleg omsetning i 841 rekneskap registrert i Lotteriregisteret for 2006 (kr 23 610).

<sup>58</sup> Snittbereking av 62 rekneskap for 2006 (kr 264 944).

## Til notat

## Til notat





Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde  
Tlf. 57 82 80 00